

# Prinsipp for risikostyring i Helse Vest

---

## 1 FORMÅL

Dokumentet gjer føringar for korleis Helse Vest skal arbeide med risikostyring.

## 2 MÅLGRUPPE

Prinsippa gjeld på alle områder og i alle nivå for leiarar og medarbeidar i Helse Vest.

## 3 PRINSIPP FOR RISIKOSTYRING

Risikostyring skal vere ein integrert del av verksemdstyringa i Helse Vest. Organisasjonen og strukturen vår legg til rette for gjennomføring, evaluering og forbetring av risikostyring.

## 4 HOVUDPRINSIPP

Risikostyring er eit styringsverktøy som skal gi verksemda, leiarar og medarbeidarar ei strukturert tilnærming til å identifisere, vurdere, handtere og kommunisere risiko. Risikostyring understøttar styringsevna og trygger måloppnåinga innan spesialisthelsetenesta sine hovudoppgåver. Det hjelp oss å realisere mulegheiter og å unngå truslar relatert til skade på menneske, ustabil drift, negativ påverknad på ytre miljø, tap av omdømme eller økonomiske/materielle verdiar.

**Integrerer** – Risikostyring integrerast i alle aktivitetane våre og alle i Helse Vest har ansvar for å bidra inn i risikostyringa. Risikostyring er ein dynamisk og gjentakande prosess der vi tilpassar og inkluderer kulturen og behovet til organisasjonen. Det er ein integrert del av verksemdstyringa, kvalitets- og forbetningsarbeidet vårt.

**Forplikta** – Leiinga i verksemda er ansvarleg for å sikre at ansvar og roller blir tildelt og kommuniserast på alle nivå i føretaket og at risikostyringsarbeidet blir tildelt tilstrekkeleg og kompetente ressursar. Leiarar på alle nivå er ansvarlig for risikostyring i eget ansvarsområde. Ansvarer omfattar å ta initiativ til å vurdere risiko knytt til drift, endring, mål, strategiar og planer slik at risiko blir tilstrekkeleg kjent og kan følgjast opp. Leiarar på ulike nivå i føretaka i Helse Vest skal ha god kompetanse innanfor risikostyring. Ein må involvera og ta omsyn til medarbeidarar og brukarar i risikoarbeid.

Risikostyringa byggjar på best tilgjengeleg kunnskap og informasjon. Vi skal informere interne og eksterne interessepartar om risiko og tiltak på en forsvarlig måte og til rett tid, slik at dei kan forholde seg til risikoen. Gjennom openheit om risiko samarbeider vi og lærer på tvers om å identifisere, prioritere, følgje opp, og om nødvendig handtere risiko som angår oss og andre.

**Gjennomfører** – For å oppnå god risikostyring har vi ein formålstenleg plan for kvar, når og korleis risikostyring skal gjennomførast.

**Evaluerer** – Risikostyringa fordrar at vi har ein planlagt og regelmessig evaluering. Status for risikostyringsarbeidet og samla risikobilde framleggast for verksemdas leiing, minimum årlig for å sikre at prinsippa er gjeldene og fungerer til hensikta si.

**Forbetrar** – Risikostyringa i Helse Vest skal til ei kvar tid vere oppdatert og i samsvar med retningslinjer og tek omsyn til eksterne og interne endringar. I Helse Vest skal vi drive kontinuerlig forbetring.

## 5 REFERANSER

- Retningslinjer for risikostrying i Helse Vest
- NS-ISO 31000:2018, Risikostyring retninglinjer
- Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest (2020)
- Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 (2020)
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring.  
<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-10-28-1250>
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>

Versjon	Godkjent
1.0	Direkørmøte 07.06.21